

Uttale frå årsmøtet i Stryn Senterparti:

Olden-Innvik kjem nærare fullføring for kvar dag. Vi får ein god og funksjonell veg, som ikkje lenger vil gje korkdanning nesten dagleg i sommarsesongen.

Byggjeetappen Uglå-Skarstein som no pågår vert i avisene, av vegmyndigheitene og i politiske samanhengar, ofte omtalt som siste etappe på Olden-Innvik. Årsmøtet i Stryn Sp vil gjere merksam på at det ikkje stemmer. Det er siste etappe på den vegen som er finansiert, men vegen frå Innvik sentrum og mot Olden står att etter at dette prosjektet er fullført.

Fv 60 i Hildastranda i Innvik er ein svært dårleg veg med smal vegbane, delvis utsklidd og med svake skuldrar. Deler av strekninga manglar gang og sykkelveg. Her er eit stort behov for utbetring.